



KVINNHERAD
KOMMUNE



Kvinnherad
2050



PLANPROGRAM

KOMMUNEDELPLAN Vassforsyning og avløp 2020-2028


Fastsetting av planprogram



Innhold

1	INNLEIING	2
1.1	Bakgrunn	2
1.2	Føremål.....	2
1.3	Mandat	2
1.4	Organisering	3
1.5	Medverknad	3
1.6	Framdrift og gjennomføring	3
2	PLANSTATUS, RAMMER og FØRINGAR.....	4
2.1	Internasjonale og nasjonale føringar og retningslinjer	4
2.2	Regionale føringar og retningslinjer	4
2.3	Kommunale føringar og retningslinjer	4
3	KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING OG AVLØP	5
3.1	Oppbygging.....	5
3.2	Økonomi	5
3.3	Forholdet til konsekvensutgreiing.....	6
3.4	Handlingsdel	6
4	KJELDER	7

1 INNLEIING



1.1 Bakgrunn

Kvinnherad kommune skal rullere kommunedelplanen for drikkevassforsyning og avløp (øg kalla VA-plan). Gjeldande kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013-2024 vart vedteke i 2013. Planen skal ha status som tematisk kommunedelplan, jamfør plan- og bygningslova § 11-1. Det skal utarbeidast eit planprogram for planarbeidet som skal gjera greie for føremålet med planen, planprosessen, sentrale tema, viktige strategiar, behov for utgreiingar og framdriftsplan. Forslag til planprogram (dette dokumentet) skal på høyring før politisk vedtak. Det vert føreslått å redusere perioden frå 12 til 8 år.

1.2 Føremål

Føremålet til planen er å sikra at alle i Kvinnherad kommune til ei kvar tid har tilgang til nok vatn med godkjent drikkevasskvalitet. Transport og reinsing av avløpsvatn skal vere i samsvar med norsk regelverk og NS-standard, og skal elles skje på ein slik måte at forureiningane ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skadar naturen sin evne til produksjon og sjølvfornyng.

Innan vassforsyning vil hovudfokus vera på å gjera tiltak for nok leveringskapasitet og sikker distribusjon til innbyggjarane, beredskapstiltak som reserve- og krisevasskjelder og avslutta

bygging av godkjente vassbehandlingsanlegg. Planen skal òg ha oversikt over private vassverk i kommunen og eventuelle tiltak der kommunen er/vert involvert.

På avløpsområdet vert det fokus på å avslutta saneringa av eksisterande ureinsa kommunale utselepp med bygging av godkjente reinseanlegg.

1.3 Mandat

I planstrategien for valperioden 2015-2019, står det at skal det utarbeidast ein kommunedelplan for vassforsyning og avløp (KDP VA, VA-plan).

Planprogrammet er meint å styrkja medverknaden tidleg i planarbeidet og bidra til ein målretta og føreseieleg planprosess. I planprosessen vil det bli lagt vekt på å styrke medverknad og politisk styring av planarbeidet, som vil gje kommunedelplanen politisk forankring og føre til auka plandisiplin og planforståing.

Vidare er det viktig at det vert ei tydeleg kopling mellom kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel som begge er under revidering) og VA-planen, samt ei kopling mellom VA-planen, handlingsdelen og den fireårige økonomiplanen.

1.4 Organisering

Oppdragsgjevar:	Kommunestyret
Prosjekteigar:	Kommunedirektøren (og leiargruppa)
Styringsgruppe:	Kvinnherad formannskap (planprogrammet) Utval for plan, teknikk og miljø (planen) <ul style="list-style-type: none">• Orienteringssaker etter behov
Prosjektleder:	Egil Eide
Prosjektgruppe	Egil Eide, Jan Ove Olsen, Synneve Skei, Hildegunn Furdal, Norconsult AS
Referansepersonar/gruppe:	Ulike offentleg instansar (Mattilsynet, fylkeskommunen, fylkesmannen, arbeidstilsynet mfl.), DIHVA IKS, større private vassverk, økonomi- og analysegruppe (intern), kommuneoverlegen, eventuelt andre.

1.5 Medverknad

Ein føresetnad for ein god og vellukka plan, er gode prosessar og stader for informasjonsflyt og medverknad. Når kommunen planlegg, skal det leggjast til rette for medverknad, jamfør plan- og bygningslova § 5.

Det vil bli lagt opp til informasjon og moglegheit til medverknad og innspel.

- Forslag til planprogram blir sendt ut på høyring og blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Det bli gjeve moglegheit for innspel til både planprogrammet og planarbeidet generelt.

- Sjølve planen vil på same måte bli gjenstand for høyring og offentleg ettersyn med moglegheit for innspel før politisk vedtak.
- Kommunen sine digitale kanalar skal nyttast for å spreie informasjon om planprosessen og moglegheita for innspel og merknader.

Framdriftsplan for kommunedelplan for vassforsyning og avløp	
Revidert 23.07.2019	
<i>Handling</i>	<i>Tidsrom</i>
Start planarbeid	Juni 2019
Formannskapet: Vedtak planprogram med 6 vekers høyring	November 2019
Formannskapet: Vedtak planprogram	Februar 2020
Kommunestyret: Fastsetjing av planprogram	Februar 2020
Arbeid med plan	September 2019- Mars 2020
Innspelsperiode	Desember – Januar 2019
Formannskapet eller PTM: Vedtak planforslag på høyring med 6 vekers høyring	April 2020
Handsaming av merknadar	Mai 2020
Formannskapet eller PTM: Vedtak VA-plan	Juni 2020
Kommunestyret: Endeleg vedtak VA-plan	Juni 2020

1.6 Framdrift og gjennomføring

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp skal utarbeidast etter plan- og bygningslova kap. 11. Forslaget til planprogram blir sendt på høyring etter handsaming i formannskapet. Frist for uttale er 6 veker. Kommunestyret fastset så planprogrammet og utarbeiding av sjølve kommunedelplanen med innspelsfase

tek til. Formannskapet vedtek om planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn. Deretter vil merknadane bli handsama og eventuelt lagt inn i revidert planforslag. Til slutt vil planforslaget bli handsama i Levekårskomiteen, formannskapet og kommunestyret.

2 PLANSTATUS, RAMMER og FØRINGAR

Det er lover, forskrifter og direktiv som set rammer for føringar for planlegging og arbeidet med vass- og avløpssektoren.

2.1 Internasjonale og nasjonale føringar og retningslinjer

- [Forskrift om rammer for vannforvaltningen](#)
 - EU sitt vassdirektiv
- [Forskrift om begrensning av forurensing](#)
 - EU sitt avløpsdirektiv
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2019-2023](#)
- [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, 2018](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrkje born og unge sine interesser i planlegging, 2016](#)
- [Forskrift om vannforsyning og drikkevann](#)
- [Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall](#)
- [Lov om vern mot forurensningar og om avfall](#)
- [Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg](#)
- [Lov om gjødselvarer mv. av organisk opphav](#)
- [Lov om matproduksjon og mattrygghet mv.](#)
- [Lov om folkehelsearbeid](#)
- [Lov om helsemessig og sosial beredskap](#)
- [Naturmangfaldlova](#)
- [Vassressurslova](#)
- [Standard abonnementsvilkår for vann og avløp](#)

- [Retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester](#)
- [Nasjonale mål for vann og helse](#)

2.2 Regionale føringar og retningslinjer
Regionale planar er retningsgjevande for kommunal planlegging og kan gjelde for heile fylket, delar av fylket eller for særskilte tema.

- [Regional plan for folkehelse 2014-2025 – Fleire gode leveår for alle](#)
- [Regional klima- og energiplan for Hordaland 2014-2030](#)
- [Regional plan for vassregion Hordaland](#)
- [Klimaplan for Hordaland](#)

2.3 Kommunale føringar og retningslinjer

Arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) vil gå parallelt med kommunedelplan for vassforsyning og avløp, og dei overordna føringar og prioriteringar skal speglast i VA-planen, inkludert dei tre overordna perspektiva: attraktiv, frisk og grøn. Gjeldande kommuneplan for Kvinnherad er samansett av arealdel (vedteke 22.03.2018) og samfunnsdelen (vedteke 31.08.2000).

Andre relevante planar/planarbeid:

- [Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvinnherad kommune](#)
- [Kommunedelplan for vassforsyning og avløp](#)
- [Klima og energiplan 2020](#)
- [Folkehelseoversikta 2015-2019](#)
- [Folkehelseprofil 2019](#)

3 KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING OG AVLØP

Planstrategien seier at Kvinnherad kommune skal vidareutvikle den kommunale organisasjonen med fokus på effektivisering, struktur og mindre byråkrati, og dette skal følgjast opp gjennom kommunedelplanar for verksemdsområde med store investerings- og prioriteringsbehov. Det er gjennomført store investeringar innanfor vatn- og avløp-sektoren, og i tida framover skal det gjennomførast fleire investeringar. VA-området er eit 100 % sjølvkostområde, der investeringar er finansiert over drifta ved at det vert tilført rente- og avdragskostnader.

3.1 Oppbygging

Gjeldande VA-plan frå 2013 er god og skal danna grunnlaget for rulleringa. Det er viktig både for Kvinnherad som samfunn og for Kvinnherad kommune som organisasjon at ein har ei heilskapleg og langsiktig tenking på korleis vassforsyninga og avløp skal handterast i tida som kjem.

Kommunedelplanen kjem til å bli delt inn fem deler:

1. Samandrag
2. Felles del med bakgrunn, rammer og mål
3. Drikkevassforsyning
4. Avløp, kommunale og private
5. Tabellar og vedlegg

I kommunedelplanen for vassforsyning og avløp skal ein sjå på kva som allereie er gjort og kva som skal prioriterast i åra framover, samstundes som konsekvensane prioriteringane får for framtidig gebyrnivå, skal vurderast:

- Oppdatert skildring av status for mål og tiltak i gjeldande hovudplanar
- Revidere gjeldande målsetjingar
- Setje mål for lekkasjeprosenten og sjå på metodar for rekne ut og dokumentere lekkasjegraden
- Foreta ei langsiktig og heilskapleg vurdering av tiltak som må setjast i verk for å oppnå målsetjingane

- Vurdere eksisterande og framtidig grunnlag for dimensjonerande tilknytning og vassforbruk (år 2050)
- Vurdera reserve- og krisevassforsyningar
- Teknisk/økonomisk analyse av trong for fornying av leidningsnettet basert på vurdering av leidningsnettets sin tilstand og restlevetid
- Medverke til at kommunen driftar VA-anlegga på ein helse- og miljømessig og kostnadseffektiv god måte som brukarane er nøgde med
- Innsamling av kunnskap om vassmiljø (ferskvatn og sjø) knytt opp mot utslepp av avløpsvatn
- Utarbeide handlingsplan for tiltaka med økonomiske konsekvensar (gebyr)
- Oversikt over private vassforsyningar og kvaliteten på desse

3.2 Økonomi

Arbeidet med kommunedelplan for vassforsyning og avløp er finansiert med delar av avsette budsjettmidlar i 2019-investeringsbudsjettet.



3.3 Forholdet til konsekvensutgreiing Plan- og bygningslova § 4-2 2. ledd seier at regionale planar og kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskilringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing (KU) – av planen sine verknader for miljø og samfunn. *Forskrift om konsekvensutredningar* (KU-forskrifta) sitt føremål er å trygge at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert og teke omsyn til (§ 1).

Kommunedelplanen for vassforsyning og avløp er vurdert opp mot vedlegg I og II i KU-forskrifta. Planane og tiltaka som er skildra i vedlegg I er av større omfang enn kommunedelplanen for vassforsyning og avløp skal omfatta og difor blir planen vurdert til å ikkje fella inn under Vedlegg I. Vidare er planen vurdert opp mot planane og tiltak i Vedlegg II. Vassforsyning er ein del av infrastrukturen i ein kommune og punkt 10 i vedlegg II tek for seg infrastrukturprosjekt, men prosjekta skildra

her er større enn det som KDP vassforsyning og avløp skal omfatte. Det blir vurdert at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 i samband med kommunedelplan for vassforsyning og avløp då planen ikkje løyser ut krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta.

3.4 Handlingsdel

Handlingsdelen skal syne investeringsbehova. Til investeringane skal det knytast ressursbehov. Handlingsdelen skal prioritera i kva rekkjefølgje investeringane skal skje, og kva rehabiliteringar som skal gjerast dei neste fire åra. I tillegg skal handlingsdelen vise gebyrutviklinga.

Handlingsdelen vert sett saman med økonomiplanen for kommunen. For å sikre at kommuneplanen blir følgd opp, er det avgjerande at handlingsdelen vert tatt inn i økonomiplanen og årsbudsjettet for kommunen. Det er eit ynskje å rullere handlingsdelen kvart år i samband med økonomiplanen.





4 KJELDER

Helsedirektoratet:

<https://helsedirektoratet.no/> [Haust 2018]

Miljødirektoratet:

<http://www.miljokommune.no/> [Haust 2018]

Norsk klimaservicesenter: Klimaprofil

Hordaland

<https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-hordaland>. 2017.

Hordaland fylkeskommune:

<http://statistikk.igest.no/hf/> [Haust 2019]

Kvinnherad kommune: Planprogram

Kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.

22.05.2019

Hordaland fylkeskommune: Hordaland i tal

2018 Nr. 1-2018. Folketal og demografi.

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/hordaland-i-tal/hordaland-i-tal-1-18.pdf>. 2019.

Hordaland fylkeskommune: Hordaland i tal

2018 Nr. 2-2018. Næring, innovasjon og kompetanse.

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/hordaland-i-tal/hordaland-i-tal-2-18.pdf>. 2018

Distriktssenteret: <https://distriktssenteret.no/> [Haust 2019]

Hordaland fylkeskommune:

<http://statistikk.igest.no/hf/> [Haust 2019]

Statistisk sentralbyrå:

<https://www.ssb.no/befolkning>,

<https://www.ssb.no/kommunefakta/kvinnherad> [Haust 2019]

Kvinnherad kommune (2015)

Folkehelseoversikta 2015-2019, Kvinnherad

Folkehelseinstituttet (2019) Folkehelseprofil

2019, Kvinnherad kommune. Oslo,

Folkehelseinstituttet